



Atle Børsheim
Austrheimsvegen 1418
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/992 - 23/1434

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
08.02.2023

Ferdigattest for naust på gbnr. 151/21 - Førland

Administrativt vedtak. Saknr: 016/23

Vi syner til søknad motteke 06.02.2023

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.

Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om ferdigattest til naust. Den kontrollansvarlege for utføringa har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har søkjar stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Naustet er målt inn slik det skal gjerast.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1). Det er viktig å fiska mykje framover. Lykke til med bruken av naustet.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Atle Børsheim

Austrheimsvegen 5943
1418

AUSTRHEIM